



Ein brakkerigg og ein rubbhall utan tak

Børneset industriområde er regulert og skal brukast til næring og industri. Det føler rett og plikter med å ha eigedom på Børneset. Mykje er på stell, vert drive på ein god måte med rydd og orden. Noko er skjemmande og klart eit brot på reglementet for vedlikehald og miljøkrav.



[Ei turvogn med varemerke Kvinnherad Taxi](#)

Vi finn ein open hall der taket er rive av. Her er avskilta bilar, store og små vogner. Ein brakkerigg står til nedfalls. Bilvrak står på kaien. På eit område finn vi store kontainrar og termovogner. Nokre avskilta bilar står enno med firmamerke, ikkje det beste omdøme for TIDE og Kvinnherad Taxi, Turvogn.

Uskedalen.no oppmodar grunneigarane og dei med eigedomsrett til gjenstandane om å syna ansvar. Slik vil vi ikkje ha det i ei elles vakker bygd. Det er ikkje ei enkel oppgåve å profilera og marknadsføra Børneset industriområde slik det ser ut i dag.

Jarle Fossheim frå Tekniske tenester er merksam på problemet og vil iverksetja tiltak om ikkje det vert betring.



Ein avskilta bil som må reknast som eit bilvrak

Så må vi ikkje gløyma å rosa dei som driv godt og har orden på sine område. Vi merkar oss særleg Musland Maskin, MESTA, Eik Røyr og Hjørnevåg.

Tekst/foto: Kristian Bringedal

Nett: Thor Inge Døssland